



SKYSSKORTET, REISEPRODUKT OG PRISAR

Gjeld frå 01.01.2012





INNHALD

Skysskortet	4
Reiseprodukt og reisekonto.....	6
PeriodeSkyss.....	6
UngdomSkyss.....	8
FleksiSkyss.....	12
DagSkyss.....	13
EnkeltSkyss.....	15
KontantSkyss.....	16
Nattakst og gruppereiser	18
Kva om eg mistar Skysskortet?	19
Gyldig reisebevis og kontroll.....	19
Bestillingsskjema.....	21

skyss  **kort**



SKYSSKORTET

Skysskortet er det nye reisekortet i Hordaland. Det gjeld på følgjande transportmiddel:

- Alle Skyss-bussar
- Bybanen
- «Snarveien» (båtruta mellom Askøy og Bergen)
- Hardangerfjordekspresen (båtruta mellom Rosendal og Bergen)

Du kan framleis kjøpe enkeltbilletter kontant på buss, båt og billettautomat.

Personleg og anonymt kort

Du kan velje mellom personleg og anonymt Skysskort. Du kan berre ha eitt personleg Skysskort og du kan kjøpe alle reiseprodukt og fylle på kontantar, det vil seie KontantSkyss. Kortet er registrert på namn og kan bare nyttast av deg. Skyss refunderer verdien på kortet etter gjeldande reglar viss det blir øydelagt eller stole.

Det anonyme Skysskortet er ikkje registrert på namn. Du kan ha fleire anonyme Skysskort og det anonyme Skysskortet kan ha fleire brukarar. Du kan kjøpe FleksiSkyss, DagSkyss, EnkeltSkyss og/eller fylle på KontantSkyss på dette kortet. Ved tap av anonymt Skysskort vil ikkje verdien på kortet bli refundert.

Korleis får eg Skysskortet?

Skysskortet kan bestillast på skyss.no eller ved å fylle ut og sende inn bestillingsskjemaet på siste side i denne brosjyren.

Skysskortet blir sendt pr. post etter bestilling og reiseprodukt må kjøpast på kortet i etterkant. Du kan ha fleire reiseprodukt på eitt Skysskort.

Kor kan eg fylle på Skysskortet?

Du kan kjøpe og fornye reiseprodukt eller fylle på KontantSkyss

- på billettautomatar på utvalde stoppestader/terminalar
- om bord på bussen
- på kundesenteret vårt i Bergen Storsenter
- på våre utsalsstader (les meir på [skyss.no](https://www.skyss.no))

REISEPRODUKT OG REISEKONTO

PERIODESKYSS – 7 dagar, 30 dagar eller 180 dagar

Med PeriodeSkyss kan du reise så mykje du vil på ei bestemt strekning eller innanfor eit bestemt område (ikkje nattavgangar). PeriodeSkyss er bare gyldig på eit personleg Skysskort, og gjeld i 7, 30 eller 180 dagar frå første gong produktet blir brukt/aktivert. PeriodeSkyss må aktiverast innan 30 dagar etter kjøpsdato.

Pris PeriodeSkyss pr. 01.01.2012

Talet på soner	7 dagar		
	Vaksne	Student t.o.m. 32 år	Barn/honnør
1-2	205	130	105
3	240	145	120
4	255	155	130
5	290	175	150
6	320	190	160
7	350	210	180
8	380	230	190
9	400	240	200
10	420	250	210

Talet på soner	30 dagar		
	Vaksne	Student t.o.m. 32 år	Barn/honnør
1-2	660	400	330
3	760	460	380
4	820	495	410
5	920	555	460
6	1020	615	510
7	1120	675	560
8	1210	730	605
9	1280	770	640
10	1340	805	670

Talet på soner	180 dagar		
	Vaksne	Student t.o.m. 32 år	Barn/honnør
1-2	3300	2000	1650
3	3800	2300	1900
4	4100	2475	2050
5	4600	2775	2300
6	5100	3075	2550
7	5600	3375	2800
8	6050	3650	3025
9	6400	3850	3200
10	6700	4025	3350

Vaksen: Over 16 år.

Barn: Frå 4 t.o.m. 15 år (barn 0–3 år reiser gratis).

Honnør: Over 67 år, uføre, blinde og døvblinde.

Student: Student/elev/lærling t.o.m. 32 år som er heiltidsstudent ved universitet/høgskule, elev ved vidaregåande skole, lærlingar og lære kandidatlar, fagskuleelevar og vaksenopplæringselevar.

Bruk av PeriodeSkyss

PeriodeSkyss må aktiverast ved første gongs bruk.

Bussjåfør kan gjere dette, eller du kan gjere det på sjølvbetent kortlesar på følgjande måte:

Hald Skysskortet i ro mot lesaren, vel PeriodeSkyss (du kan bruke knappen både til høgre og venstre) og hald kortet mot kortlesaren på nytt (NB: Ingen kvittering).

Resten av perioden registrerar du kvar reise (óg ved overgang) ved å halde Skysskortet i ro mot kortlesaren.

PERIODESKYSS BUSS/TOG – 30 dagar

Med PeriodeSkyss buss/tog kan du reise så mykje du vil med buss og NSB Lokaltog (Bergen–Voss) på ei bestemt strekning eller innanfor eit bestemt område. Produktet er bare gyldig på eit personleg Skysskort og gjeld i 30 dagar frå første gang produktet blir brukt/aktivert.

Pris PeriodeSkyss buss/tog pr. 01.02.2012

Buss Sone Bergen* + NSB Lokaltog Arna-Bergen

Vaksen: kr. 880,-**

Gjeld personer frå fylte 16 år. Barn (frå 4 t.o.m. 15 år): 50% rabatt.

Student t.o.m. 32 år: 40% rabatt.

Gjeld student/elev/lærling t.o.m. 32 år som er heiltidsstudent ved universitet/høgskule, elev ved vidaregåande skole, lærlingar og lære kandidatlar, fagskuleelevar og vaksenopplæringselevar.

Sjå Skyss.no for andre kombinasjonar og prisar.

Bruk av PeriodeSkyss buss/tog

På buss: Fungerar på same måte som PeriodeSkyss (sjå s. 7).

På tog: Skysskortet og kvittering for aktivert produkt (påført gyldig til-dato) må framvisast. Kvittering kan fås ved aktivering hos sjåfør.

UNGDOMSKYSS - for deg mellom 16 og 19 år

Med UngdomSkyss kan du reise så mykje du vil i 30 dagar på følgjande transportmiddel:

Buss/Bybanen:

- Alle ordinære bussruter i Hordaland og Bybanen i Bergen, men ikkje på nattavgangar og flybuss.
- Kystbussen frå/til Haugesund, men ikkje lokaltrafikk mellom Bergen-Halhjem.
- Ekspressbussrutene mot Sogn og Fjordane frå/til fylkesgrensa.
- Haukeliekspressen frå/til fylkesgrensa.
- Trygt heim-rutene.

*Sjå side 19. ** Vi tek atterhald om prisendringar frå NSB.





Båt:

- Alle snøggbåtrutene i Hordaland inkludert Snarveien og Flaggruten (Bergen–Mosterhamn.) Gjeld ikkje på strekninga Bergen–Lygra–Fonnes/Vardetangen.
- Alle lokalbåtrutene i Hordaland.

Ferje:

- Alle ferjerutene i Hordaland inkludert sambanda Breistein-Valestrandsfossen og Masfjordnes-Duesundøy.

Tog:

- Alle lokaltogrutene i Hordaland.

Du må ha eit personleg Skysskort og vere mellom 16 og 19 år for å få UngdomSkyss. UngdomSkyss må aktiverast innan 30 dagar etter kjøpsdato og gjeld i 30 dagar frå første gong produktet blir brukt/aktivert.

Ved kontroll må det synast gyldig legitimasjon.

Elevar i den vidaregåande skole som ikkje er fylt 16 år kan òg kjøpe UngdomSkyss, men må dokumentere gjennom inntaksbeviset at dei er elevar i den vidaregåande skolen.

Pris UngdomSkyss pr. 01.01.2012

Kr. 300,-

Bruk av UngdomSkyss

UngdomSkyss må aktiverast ved førstegongs bruk. Bussjåfør kan gjere dette, eller du kan gjere det på sjølvbetent kortlesar på følgjande måte: Hald Skysskortet i ro mot lesaren, vel UngdomSkyss (du kan bruke knappen både til høgre og venstre) og hald kortet mot kortlesaren på nytt. Resten av perioden registrerar du kvar reise (óg ved overgang) ved å halde Skysskortet i ro mot kortlesaren.

NB: Hugs å ta vare på aktiveringskvittering (påført gyldig til-dato) for framvising på reiser med NSB Lokaltog, ferjer, snøggått og ekspressbussar. På transportmiddel utan vårt billettsystem, må du i tillegg til Skysskortet og aktiveringskvittering, vise gyldig legitimasjon.

FLEKSISKYSS – 10 eller 12 enkeltreiser

Med FleksiSkyss får du 12 enkeltreiser til 23 % rabatt på ei bestemt strekning eller innanfor eitt område. Barn og honnørreisande får 10 enkeltreiser til 50 % rabatt på ordinær pris.

FleksiSkyss er gyldig på både anonymt og personleg Skysskort. FleksiSkyss er gyldig i eitt år frå første gong produktet blir brukt. Du får ikkje refundert unytta reiser dersom produktet er gått ut på dato.

Pris FleksiSkyss pr. 01.01.2012

Talet på soner	Vaksne	Barn/Honnør
1-2	250	140
3	340	190
4	410	220
5	490	270
6	580	320
7	670	360
8	750	410
9	820	450
10	870	470

Vaksen: Frå fylte 16 år.

Barn: Frå 4 t.o.m. 15 år (barn 0–3 år reiser gratis).

Honnør: Over 67 år, blinde, døvblinde eller uføre.

Bruk av FleksiSkyss

FleksiSkyss må aktiverast for kvar reise og kan bare nyttast av ein person om gongen. Bussjåfør kan gjere dette, eller du kan gjere det på sjølvbetent kortlesar ombord på følgjande måte: Hald kortet i ro mot kortlesaren, vel FleksiSkyss og hald kortet mot kortlesaren på nytt. Kortlesaren vil då vise kor mange reiser som er igjen på FleksiSkyss.

Ved overgang registrerar du Skysskortet på kortlesaren om bord. Overgangstida i Hordaland er på 1 time med tillegg på 10 minuttar for kvar sone og på 90 minuttar innanfor Sone Bergen.

DAGSKYSS – 24 timar

Med DagSkyss kan du reise så mykje du vil innanfor Sone Bergen* i 24 timar frå første gong produktet blir brukt/aktivert. DagSkyss gjeld ikkje på nattavganger.

Pris DagSkyss pr. 01.01.2012

Kr. 110,-

Lik pris for alle, ingen rabattordningar.

Bruk av DagSkyss

DagSkyss må aktiverast ved førstegongs bruk. Bussjåfør kan gjere dette, eller du kan gjere det på sjølvbetent kortlesar på følgjande måte: Hald Skysskortet i ro mot lesaren, vel DagSkyss (du kan bruke knappen både til høgre og venstre) og hald kortet mot kortlesaren på nytt. Resten av dagen registrerar du kvar reise (óg ved overgang) ved å halde Skysskortet i ro mot kortlesaren ved ombordstiging.

*Sjå side 19.



ENKELTSKYSS – ei enkeltreise

EnkeltSkyss er ei enkeltreise på ei bestemt strekning eller innanfor eit område. EnkeltSkyss kan kjøpast av sjåfør ved påstiging eller på billettautomat.

Pris EnkeltSkyss pr. 01.01.2012

Talet på soner	Vaksne	Barn/Honnør
1-2	27	14
3	37	19
4	44	22
5	53	27
6	63	32
7	72	36
8	81	41
9	89	45
10	94	47

Vaksen: Frå fylte 16 år.

Barn: Frå 4 t.o.m. 15 år (barn 0–3 år reiser gratis).

Honnør: Honnørreisande får 50 % rabatt på ordinær pris vaksen og gjeld personar over 67 år, uføre som har uførepensjon, blinde, ektefelle/registrert partnar som reiser saman med person som har rett til honnørbillett. Gyldig tilleggsbevis må medbringast.

Student: Student/elev/lærling t.o.m. 32 år som reiser gjennom minst 7 soner får 23 % rabatt på ordinær pris. Gjeld for heiltidsstudent ved universitet/høgskule, elev ved vidaregåande skule, lærlingar og lære-kandidatar, fagskuleelevar og vaksenopplæringselevar.

Militære: Vernepliktig mannskap og sivile tenestepliktige får 50 % rabatt på ordinær pris ved reise over 2 soner.

Familie: Ein vaksen eller honnørreisande kan ta med seg eitt barn (mellom 4–15 år) gratis. (Barn 0–3 år reiser gratis.)

Gruppe: Tre eller fleire som reiser saman får 23 % rabatt på ordinær pris. Barn og honnørreisande får ikkje særskild rabatt. Barn under 4 år reiser gratis og tel ikkje med i talet på reisande.

Hund og sykkel: same pris som barn, men maks. kr 40,-.

Bruk av EnkeltSkyss

EnkeltSkyss kjøpt på billettautomat må registrerast om bord ved å halde Skysskortet eller Skyss minikort i ro mot kortlesaren ved ombordstiging.

EnkeltSkyss kjøpt hos sjåfør blir aktivert og registrert på Skysskortet ditt. Dersom du ikkje har Skysskort får du ein papirbillett. Oppgi alltid endehaldeplass ved kjøp av EnkeltSkyss.

Ved overgang viser du gyldig papirbillett til sjåfør eller registrerar Skysskortet/Skyss minikort på kortlesaren om bord. Overgang gjeld ved vidarereise, men ikkje ved returreise. Overgangstida i Hordaland er på 1 time med tillegg på 10 minuttar for kvar sone og på 90 minuttar innanfor Sone Bergen.

KONTANTSKYSS – din reisekonto

KontantSkyss er ein «konto» på Skysskortet som kan brukast som betalingsmiddel for alle reiseprodukt. KontantSkyss gir 23% rabatt på ordinær pris for EnkeltSkyss vaksen. Det blir ikkje gitt ytterligare rabatt på produkt som allereie er rabatterte. Innskot på KontantSkyss er minimum 200,-, maksimum verdi er 1500,-.

KontantSkyss kan også nyttast som betalingsmiddel for fleire reisande. Dette gjeld både for anonyme og personlege Skysskort, men dersom personleg Skysskort nyttast må eigaren av kortet vere med på reisa.

Bruk av KontantSkyss

KontantSkyss kan nyttast som betalingsmiddel for alle reiseprodukt.

Bruk av KontantSkyss ved enkeltreiser på bussen:

Kundar med KontantSkyss kan ikkje nytte sjølvbetent kortlesar i bussen. Fortel sjåfør at du har KontantSkyss og kor du skal reise. Deretter held du Skysskortet i ro mot kortlesaren for å betale reisa. Prisen blir då trekt frå KontantSkyss.

Bruk av KontantSkyss ved enkeltreiser på Bybanen:

Hald Skysskortet i ro mot kortlesaren på billett-automaten, vel «EnkeltSkyss», og følg instruksjonane på skjermen. Til slutt held du kortet i ro mot kortlesaren for å betale reisa og registrere EnkeltSkyss på Skysskortet ditt. Prisen blir då trekt frå KontantSkyss.

Når du går om bord, registrerer du reisa ved å halde Skysskortet i ro mot kortlesaren.

SJÅ INNHALDET PÅ SKYSSKORTET

For å sjå innhaldet på Skysskortet ditt, kan du inspisere kortet på billettautomat eller på sjølvbetent kortlesar.

På billettautomat: Vel «Mitt kort» oppe til høgre for å sjå innhaldet på Skysskortet. Her kan du og ta ut aktiveringskvittering for reiseprodukt som er aktivert.

På sjølvbetent kortlesar: Trykk på «Vis innhald på kort» og hald kortet i ro mot kortlesar. Øvst på skjermen ser du kortnummer og eventuelt beløp på KontantSkyss. Deretter ser du reiseprodukta du har kjøpt, samt utløpsdato. Har du fleire reiseprodukt på same kort, vel «Neste side» for å sjå alt.

NATTAKST

På mange av nattavgangane (buss og Bybanen) natt til laurdag og søndag er det eigen nattakst. Kva avgangar nattaksten gjeld, er merka (N) i ruteheftet for dei enkelte linjene. På avgangar med nattakst gjeld ikkje andre rabattordningar.

Talet på soner	Nattakst
1-3	60
4	70
5	75
6	85
7	90
8	105
9	105
10	115

Pris pr. 01.01.2012

GRUPPEREISER

Grupper på 15 personar eller fleire må melde frå minst 24 timar før reisa tek til. Ta kontakt med operatøren som kjører den aktuelle ruta. Kontaktinformasjon finn du under kvar enkelt rute i ruteheftet, eller på skyss.no.

Det blir bare sett opp ein ekstra buss ved bestilling. Dersom det er større grupper som skal reise, må gruppa bestille (chartre) eigen buss.

KVA OM EG MISTAR SKYSSKORTET?

Mistar du ditt personlege Skysskort, kan vi sperre det og overføre verdien til eit nytt kort, etter gjeldande reglar. Verdi på anonymt kort blir ikkje refundert. Tapte kort kan meldast via skjema på skyss.no eller til vårt kundesenter tlf. 177.

GYLDIG REISEBEVIS OG KONTROLL

Du må alltid ha med deg gyldig reisebevis. Gyldig reisebevis er følgjande:

- gyldig reiseprodukt (enten på ditt Skysskort og Skyss minikort eller som papirbillett) og
- gyldig legitimasjon (ved bruk av personleg Skysskort) og
- gyldig dokumentasjon for at du har krav på rabatt (bevis på betalt semesteravgift studentbevis/honnørbevis etc.) dersom du reiser med rabatterte reiseprodukt

Du er sjølv ansvarleg for å ha med gyldig reisebevis under heile reisa. Dersom du ikkje kan vise gyldig reisebevis ved kontroll, må du betale ein tilleggskost på kr 750,-. Forsøk på forfalsking av reisebevis er straffbart. Forfalskingsgebyret er på kr 1500,-.

***Sone Bergen:**

- Sentrum og bydelane
- Arna (t.o.m. Trengereid)
- Fana (t.o.m. Søfteland i Os)
- Straume (t.o.m. Kolltveittunnelen)
- Kleppestø (t.o.m. Florvåg og Strusshamn)



BESTILLINGSSKJEMA: JA, EG ØNSKJER SKYSSKORTET

(Ver vennlig å bruke blokkbokstavar, og skriv namn og adresse slik det er registrert i Folkeregisteret)

FOR-/MELLOMNAMN

ETTERNAMN

GATEADRESSE

POSTBOKS

POSTNUMMER

POSTSTAD

E-POSTADRESSE

KJØNN

MANN

KVINNE

Anonymt Skysskort (kan innehalde FleksiSkyss, DagSkyss og KontantSkyss)

Personleg Skysskort (kan innehalde PeriodeSkyss, UngdomSkyss, FleksiSkyss, DagSkyss og KontantSkyss)

Når du krysser av for at du ønskjer personleg Skysskort, godkjenner du vilkår om behandling av personopplysningar.

Les meir om Skyss og personvern på **skyss.no**

DESSE FELTA SKAL BARE FYLLAST UT VED BESTILLING AV PERSONLEG SKYSSKORT:

(for barn og ungdom under 15 år må bestillinga signerast av føresette)

FØDSELSDATO (kortinneharar):

SIGNATUR:

skyss 



Skyss
Svarsending 7769
0097 Oslo





